

NOTAT

TIL: Vinje kommune
FRA: Statkraft Energi AS SIGN.:
ANSVARLEG: Tor Helge Midtbø SIGN.:
DYKKAR REF: VÅR REF: DATO:
13.11.2023

Varsel om stenging av Kostveitvegen

I samband med lukemontasje og ferdigstilling av Vågi dam vil det bli naudsynt å stenge Kostveitvegen.

Statkraft er no i slutfasen med bygging av ny Vågi dam. Frå og med måndag **13.11.2023** vil det foregange montasje av ny flaumluke. Luka kjem i delar til anlegget med lastebil og blir heisa på plass ved hjelp av mobilkran. Mobilkrana blir plassert på dammen og lastebilane vil måtte stå på vegen for at krana skal rekke å få tak delane. I perioden med lukemontasje **13.11.2023 – 15.12.2024** vil vegen vere stengt i periodar når lastebilane skal lossast.

Når luka er montert skal dammen støypast ferdig inn mot – og under vegen. Det er då naudsynt å grave seg ned på fjell for å armere, forskale og støype. Det er forventa at desse arbeida vil foregange i perioden **15.12.2023 – 31.01.2024**. Vegen vil då vere heilt stengt. Mykje frost kan føre til at desse arbeida blir utsett til mars/april.

Det vil bli skilta omkøyring til Kostveit via Tjønnegrendvegen når betongarbeida held på.

Statkraft beklagar eventuelle ulemper dette medfører for dei som brukar Kostveitvegen, og ber om forståing for at arbeida ved dammen må gjennomførast.

Evt spørsmål kan rettast til:

Prosjektleder: Tor Helge Midtbø - 957 00 136 / TorHelge.Midtbo@statkraft.com

Byggeleder: Halvor Grønliid - 941 52 162 / Halvor.gronliid@stakraft.com